



Festidalen 2007 i full gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen, med mellom andre Åge Aleksandersen og Kaizers Orchestra på plakaten, har søkt om 75.000 frå kommunen si festivalsatsing. Budsjettet syner kostnader på 1.095.000 kroner og av det vil 500.000 gå til artistane. Det er rekna med eit overskot på 105.000. Fylkeskommunen har sagt nei til å støtta Festidalen av posten til ålmenne kulturføremål.



Satsinga på Turboneger vart kostbar under den siste Festidalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På inntektssida, som sluttar på 1.200.000, utgjer billettinntektene den største summen med 530.000 medan sponsorinntektene er berekna til 300.000. Servering er berekna å gje 275.000, offentleg støtte 75.000 og billettinntekter buss 20.000.

På utgiftssida er dei største postane nest etter artisthonoraret drikkekostnader med 140.000, lydutstyr med 100.000, marknadsføring med 75.000, ein diversepost på 70.000, forpleining av artistar med 50.000, matkostnader med 55.000 og scene/utstyr med 30.000. Det er avsett 20.000 til sponsor- og frivilligfest, 27.000 til reise/organisasjon og 20.000 til busstransport.

Festivalleinga skriv at festivalen i år skal nå ut til eit breiare publikum enn tidlegare og rettar seg til unge og vaksne kvinnheringar, folk frå nabokommunar, turistar, utflytta og potensielle tilflyttarar til kommunen. I tillegg til musikken vil dei tilby ein rikhaldig meny med spanande mat og drikke og med innslag av lokale mattradisjonar. Det blir arbeidd med å inngå samarbeid med andre lokale kulturorganisasjonar for å tilby ei brei kulturoppleving.

Laurdagen (1. august) blir det familiearrangement for dei minste barna med foreldre. Her vil dei arrangera aktivitetssløype, kulingo, hesteridning, traktorkøyring, hoppeslott, eventyrstund og mogeleg ei fotballtevling. Hvis festivalen får løyvd midlar ser dei også for seg ein minikonsert for borna med til dømes Black Sheeps som vann Melodi Grand Prix junior.

Det blir understreka i søknaden at Festidalen er tufta på dugnadsarbeid, frivillig arbeid og mykje hjelp og velvilje frå lokalmiljøet. Under siste festival i 2007 arbeidde 140 personar dag og natt.

Av Ola Matti Mathisen